

## Årsrapport 2014 - SNO-Sogndal JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK



**Lokalt SNO: Anne Rudsengen**

**I tillegg er det kjøpt tenester av:  
Utmarksressurs v/Ole Runar Aabrekk  
Kjetil Ruud, Luster  
Lokale entreprenører og fagarbeidarar**

## Føreord

Dette er fjerde årsrapporten frå SNO-Sogndal til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2014 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Arbeid gjennomført etter «Bestillingsdialogen» mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2013 er omtalt og utkvittert i vedlagte skjema. Lokalt SNO har brukt mykje tid på planlegging og gjennomføring av dei største bestilte tiltaka som er restaurering av stien opp Lundeskaret i Jølster og opp mot Oldeskaret inst i Oldedalen.

Arbeidet som SNO utfører blir i stadig større grad dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde, og i Verneområdeloggen vil etter kvart alle tiltak og alle anlegg i nasjonalparken bli kartfesta og vist med bilde.


I november 2014 flytta SNO-Sogndal kontoret frå feltstasjonen til Bremuseet i Fjærland til kommunehuset i Gaupne. Kontoret nyttar framleis omtalen SNO-Sogndal og deler kontor med SNO-kollega og er no i eit kontormiljø med nasjonalparkforvaltarar for Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen nasjonalparkar.

Anne Rudsengen  
Naturopsyn  
tlf: 95963888

*Framsidedfoto: Frå Myrhaugsnipa med utsikt mot Supphellebreen og Fjærland.*

# Innhold

Føreord.....	2
Innleing .....	4
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a .....	4
Kontroll og tilsyn .....	5
Opprydding i gammalt kulturminne .....	5
Formidling og informasjon .....	6
Informasjon om farene ved breane .....	9
Funn av gamle reinsgevir .....	10
Restaurering av stiane opp Oldeskaret og i Lundeskaret .....	11
Restaurering og vedlikehold av andre populære stiar i/ved nasjonalparken.....	12
Revegetering ved brubygging .....	13
Vedlegg: Skjema A - <b>Innspill</b> og forventinger fra FM/områdestyrer til SNO på SNO's kjerneoppgaver .....	15
Vedlegg: Skjema B. Bestillinger fra forvatningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver.....	16
Statens naturoppsyn (SNO).....	18
Vedlegg: Informasjon om farene ved breen i Jostedalsbreen nasjonalpark og Nigardsbreen naturreservat	
Vedlegg: Restaurering av stien opp Lundeskaret	
Vedlegg: Restaurering av stien opp Oldeskaret	



## Innleing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakgrunnen for å stake ut kursen for neste år.

Bestillingsdialogen er formalisert gjennom eit skjemasystem (A,B og C-skjema), sjå vedlegg. Dette blir sendt til DN/SNO sentralt som prioriterer tiltaksdelen utifrå statsbudsjettet og nasjonale politiske føringar. Nokre større prosjekt bruker å bli løfta fram for å få fram ”fyrtårn-prosjekt” som kan vare over fleire år. Skålastiprosjektet har vore eit slikt. Trongen for midlar er ulike i verneområda og kan variere frå år til år.



Styggevatnet er innfallsport til Austdalsbreen og Rundeggi i nasjonalparken - inst i Jostedalen

## Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

På oppsynsturane freistar vi å ha eit ope auge for alt rundt oss. Sjølv tilsynet med at verneforskrifta blir halde ligg under heile tida, og det er i hovudsak ingen stor utfordring i nasjonalparken. Ein god del av SNO sitt arbeid går også med til å halde kontakt med grunneigarar, reiselivsaktørar og andre brukargrupper i nasjonalparken. På denne måten får vi meir informasjon om aktivitetar og hendingar og innspel til forvaltninga av verneområdet. I 2014 har det blitt utført registreringsarbeid av skilt, bygg og tekniske anlegg for innlegging i databaseprogrammet *Verneområdeloggen* som vil bli tilgjengeleg for nasjonalparkstyret. Elles freistar vi å registrere/ha oversyn over m.a. endringar i bruk/slitasje, framande artar, truga artar og kulturminne. For alle verneområde vil det bli utarbeid *Bevaringsmål* for ulike tema og aktuelle dyre- og planteartar. Dette vil truleg kome på plass i samband med revidering av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

SNO følgjer opp dei aller fleste tiltaka og dispensasjonane som nasjonalparkstyret bestemmer.



**Oppfølging av dispensasjonssak: Styret gav løyve til bruk av helikopter i samband med filming i nasjonalparken. Her nedunder Skålatårnet.**

### ***Kontroll og tilsyn***

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. I 2014 hadde SNO ei melding om brot på verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette var eit enkelt byggverk som oppsynet kom over i Stryn sin del av nasjonalparken. Ettersom bygget kan vere oppført før nasjonalparken vart oppretta og at det i ettertid berre har vore vedlikehald, så henla politiet saka. Fylkesmannen fekk saka oversendt for administrativ oppfølging, og dei har ikkje (føreBELS) ikkje nytta dette høve til eventuelt oppretting.

### ***Utviklingstrekk***

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Når nærveret av oppsyn eller forvaltning ikkje er så ofte, kan det bli sett i gang tiltak som skulle ha vore omsøkt. Eit større nærvær av forvaltning/oppsyn vil òg kunne informere om aktuelle samarbeidstiltak, økonomisk stønad og liknande.

SNO ser at det er ei auke i turistflyging over nasjonalparken. Verneforskrifta gir eit forbod om å flyge lågare enn 300 meter over terrenget (grensa er 150 m utanfor nasjonalparken). Det er vanskeleg å stadfeste om ein del av flyginga bryt denne grensa. Ein ser òg at det oftare er større utanlandske båtar/yachtar som ligg i fjordarmane som har med eige helikopter. Det er viktig å få fram informasjon om reglane som gjeld flyging over verna områda til desse. Helikopterflyging er mest populær på solskinsdagar då òg mange turgåarar ynskjer å gå på tur. SNO vil følgje med på denne aktiviteten.

### ***Opprydding i gammalt kulturminne***

I fjor fekk SNO tips om ei gammal ureinings sak ved Bødalseter. Den gamle jordkjellaren i morenehaugen attmed setre var full av søppel. Dette er no tatt ut: i alt 180 kilo. I botna låg det store fine biter av never, og ein del av desse er lagt på plass.



Litt av "fangsten" av dei 180 kg søppel frå jordkjellaren



Tom jordkjellar etter utført arbeid

### ***Formidling og informasjon***

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt. Likevel er det ofte vi som tek kontakt med folk vi møter i naturen og då kjem gjerne naturfaglege spørsmål opp som samtaleemne. Med den store mengda med folk som besøker Jostedalsbreen nasjonalpark, så er det mange aktuelle å snakke med.

### ***Forvaltningsplan***

SNO har vore med på dei aller fleste bygdemøtene som vart haldne i samband med revidering av forvaltningsplan for nasjonalparken. Då har vi vist bilde og fortalt om tiltak som er utført. Dette var gode møte der mange fekk høve til å kome med innspel.



Bra frammøte på bygdemøte om forvaltningsplanen i Olden.

### ***Forvaltarsamling***

I mai valde alle områdeforvaltarane og nasjonalparkforvaltarane i fylket og frå nabofylke å legge ei samling til Oldedalen. SNO var med som vertskap og fekk m.a. vist fram arbeidet med restaurering av stien opp Oldeskaret.



Her er alle forvaltarane samla på stien mot Oldeskaret med Briksdalsbreen i bakgrunnen.

### Fellestur

Den gamle ferdsleveggen mellom Raudalen i Skjåk og Sunndalen i Stryn er plukka ut av Riksantikvaren og DNT for å synleggjerast som eit ferdsels-kulturminne. Kamperhamrane er ein del av denne strekninga og denne vart utbetra og reparert i fjor. SNO arrangerte difor i år ein fellestur på heile strekninga der alle aktuelle parter var invitert. Me hadde båtskyss over Raudalsvatnet og gjekk så nærare 30 km før vi var nede i Sunndalen. Alle fekk gode høve til å oppleve dette flotte område og diskutere utfordringar kring villrein, ferdsel, merking, hytte, vedlikehald av kulturminne mm.



Turfølgje på veg vestover. Her frå strekninga mellom Nedre og Ytste Leirvatnet, med utsikt sørover mot Sekkebreen



**Mykje å lære undervegs på turen frå Raudalen til Sunndalen. Her høyrer turfølgje på kva ordføreren i Skjåk har å fortelja.**



**På toppen av Kamperhamrane er det frå gammalt av murt opp ei steintrapp i ei naturleg passasje i terrenget. Denne vart reparert i fjor**

### **Studietur**

I september reiste nasjonalparkstyret på studietur til Cairngorm nasjonalpark i Skottland. Det gav mykje inspirasjon og gode høve til diskusjon om heimlege utfordringar kring nasjonalparkforvaltning. SNO fekk vere med og skreiv eit referat frå turen som er tilgjengeleg på heimesida til nasjonalparkstyret.



**Over 60 tilsette i Cairngorm nasjonalpark**



**Ingen store men mange små nasjonalparksenter i denne nasjonalparken**



**Informasjon som skogforvaltninga har sett opp i nasjonalparken**



**Kraftig tilrettelagt sti i mykje besøkt fjellområde av nasjonalparken**

### ***Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år***

Jostedalsbreen nasjonalpark er lett tilgjengeleg med mange innfallsportar med mykje interessant å formidle, ikkje minst innan geologi. Med store besøktal ligg det godt til rette for å ha naturformidlarar på slike stader. Dette vil kunne vere eit godt supplement til nasjonalparksentrene.

### ***Informasjon om farane ved breane***

10.august i år vart to tyske turistar drepne av isras frå brefronten av Nigardsbreen. Dei hadde kryssa dei oppsette sperringane og ignorert informasjonsskilt. Etter denne tragiske hendinga vart det mykje merksemd om skilt og sperringar og kven som har ansvar. Nigardsbreen ligg i eit naturreservat som Luster kommune har forvaltninga av, men hendinga sette òg søkelys på korleis det er framføre andre brearmar (som ligg i nasjonalparken).

I fleire samanhengar var det difor viktig å formidle at vi har allemannsretten i Noreg noko som gjer at alle har eit eige ansvar for tryggleik når ein ferdast i utmark og at ferdsla der er fri når ein viser omsyn til landbruket og dyrelivet elles. Berre politiet kan difor juridisk nekte folk tilgang til natur viss det er fare for liv og helse. Likevel kjenner både reiselivet, kommunene og statleg forvaltning eit ansvar for å informere publikum om farane nær breane. SNO har i ei årrekke bidrege med utplassering og ettersyn av brefareskilt og sperringar. Dette bør vi sjå på som ei årleg oppgåve bestilt av nasjonalparkstyret. Etersom det er fleire aktørar som er med «å trekker publikum» til breen, er det naturleg at alle bidreg i dette informasjonsarbeidet.



**Både kommune, reiselivsaktørar, politi og nasjonalparken var med i flytting av informasjonsskilt og oppsetting av sperregjerde ved Bøyabreen i sommar**



**Haugabreen er i stadig meir i bruk til brevandring. Framføre denne brearmen har det ikkje vore noko informasjonsskilt om farane på/ved breen**

### ***Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år***

Dei mest brukte brearmene med kommersiell breføring kring Jostedalsbreen er no Nigardsbreen, Austdalsbreen (innafor Styggevatnet), Haugabreen og Supphellebreen. Brenndalsbreen hadde noko føring tidleg på sommaren i 2014 men Briksdal Breføring reknar ikkje med tilbod om turar der i 2015. Derimot vil dei satse på føring på Tystigbreen opp mot

Strynefjellet. I Jostedalen blir Tuftebreen og Fåbergstølsbreen ein del brukt til brevandring/klatring av høgskular og i kursamheng. Det same gjeld Austerdalsbreen på Veitastrond.

Etter hendinga ved Nigardsbreen vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på kva tiltak ein eventuelt kan gjere betre m.o.t. skilt og informasjon. SNO er med i denne gruppa og nokre av konklusjonane frå denne gruppa kan truleg brukast ved andre brearmar.

Sjå vedlagt notat: «*Informasjon om farene ved breen i Jostedalsbreen nasjonalpark og Nigardsbreen naturreservat*».

### ***Funn av gamle reinsgevir***

I sommar fann turgåarar to reinsgevir i 1800-meters høgd inst i Lodalen, mellom Kjenndalen og Nesdalen (Nonsnibba/Middagsnibba). Geolog Atle Nesje og SNO fekk melding om desse funna og fekk høve til å flyge opp for å hente desse ut og fann samstundes to gevir til. Desse er aldersdatert og viser at eine geviret er ca. 2100 år gammalt og dei andre frå 1400-1500-talet.

Det er ikkje kjennskap til at det har gått rein i dette området i nyare tid. Difor vil òg gevira bli DNA-analysert for å finne ut kvar reinen kom frå.



**Figur 1** 1800-metes høgd vart det funne gevir som er 2100 år gamle



**Dei gamle gevira som vart funnen ved framsmelta bre mellom Kjenndalen og Nesdalen.**

### ***Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år***

Atle Nesje ynskjer å bidra til å leite etter fleire funn for å kunne seie noko om kvar breen låg og også meir om kvar det har vore rein i tidlegare tider. Når det har gått rein i dette område er det også ein sjangse for at det kan ha vore jegerar i området. Kulturavdelinga i fylkeskommunen er også interessert i å vere med på eit felles leiteprosjekt. Samstundes med å leite etter gevir, så er det interessant å sjå etter spor der dei gamle drifte- og ferdslevegane gjekk over breen.

## ***Restaurering av stiane opp Oldeskaret og i Lundeskaret***

Også i sommar hadde SNO ansvar for to store restaureringsarbeid på stiar/gamle ferdsleveggar i nasjonalparken. Stien opp mot Oldeskaret i Oldedalen, Stryn og opp Lundeskaret i Jølster. Begge prosjekta er oppfølging av planen «Restaurering av fem gamle ferdsleveggar i Jostedalsbrenn nasjonalpark». På bakgrunn av planen vart arbeidet organisert av lokalt SNO i samarbeid med nasjonalparkforvaltar. I Oldeskaret har arbeidet pågått i eit nært samarbeid med grunneigar og lokal næringsutøver, Inge Melkevoll, og i Lundeskaret har det vore ein tett dialog med sentral grunneigar og næringsaktør, Atle Lunde og med Indre Sunnfjord Turlag og Jølster kommune.

Etter anbudsrunde på begge tiltaka fekk Fjellbonde Geirr Vetti arbeidet som gjaldt steinsetting (bruk av sherpa-arbeidskraft og kunnskap) og Utmarksressurs AS v/Ole Runar Aabrekk fekk prosjekt- og arbeidsleiinga som også inkludert ein god del praktisk arbeid med oppsett av wire og skoging. SNO-Rune Holen har lagt ned mykje arbeid i opprydding i gamle kjettingar og wirer og oppsetting av nytt.

På begge stirestaureringstiltaka er det i alt utgiftsført 975 000. Dette er meir enn i det første budsjettet (som var på 900 000), men det har vore mogleg å hente inn meir midlar frå andre prosjekt ved omdisponering. Nokre av utgiftene er også investeringar i verkty og vedlikehald av arbeidsrigg.

Stiutbetningsarbeidet er mykje meir enn å mure opp steintrapper. På desse to stiane var det også mykje «bredding» av stien: grave ut og fjerne jord og lause steinar som gjennom mange år har sige ned i stitraseen. Nytt på årets stirestaureringsarbeid er oppsetting av wirer til å halde seg i på bratte strekningar av stien. Dette har vore arbeidskrevjande.

***Ein rapport på kvar av restaureringsarbeida er vedlagt denne rapporten.***

### ***Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år***

Det er gjort mykje bra arbeid på stiane opp Lundeskaret og Oldeskaret i år, men arbeidet vart ikkje ferdig. Dette har også grunneigarar og andre kommentert. På nokre få kortare strekningar er også arbeidet utført litt for raskt og har difor blitt dårlegare. Dette bør takast att og gjerast skikkeleg saman med nyrestaureing.




Ei stor forbedring på denne delen av stien opp Oldeskaret



I nedre del av Oldeskaret er dette arbeidet utført i år



Arbeid i bratt terreng i Lundeskaret



Ein god del gammel streng er bytta ut med wire i Lundeskaret

## ***Restaurering og vedlikehald av andre populære stiar i/ved nasjonalparken***

### **Tuftebresteinen**

Stien opp til Tuftebresteinen og vidare opp til Steinmannen er den siste stien i planen «Restaurering av fem gamle sti og ferdsleveggar i Jostedalsbreen nasjonalpark». Det er i år utført eit mindre restaureringsarbeid på ein våt strekning nær Tuftebresteinen.

### **Bergsetdalen**

Frå Bergset og innover mot Bergsetbreen har forvaltninga og SNO opp gjennom åra fått utført ein del utebetringsarbeid på stien, m.a. like innafor parkeringsplassen og kavlelegging innover dalen på våte strekningar. I år var stien øydelagt av eit større snø-, jord- og steinskred på ein strekning på ca. 150 meter. Ettersom vi i år hadde noko ekstra personalressursar, så vart strekninga rydda og gjort tilgjengeleg for turgåarar tidleg på sommaren.

## ***Revegetering ved brubygging***

Seint på hausten i 2010 vart den store brua over elva ved Bødalseter teken av flaum. Forvaltning og SNO hadde høve til å bistå med oppattbygging same hausten og det vart gitt løyve på naturskademidlar til arbeidet. På grunn av feil tolking av lovverk vart det eit overskjønn på tiltaket og slutføringa av arbeidet med å sette terrenget godt i stand igjen vart difor utsatt. Dette arbeidet bistod SNO med i sommar i lag med ein grunneigar. Det vart henta inn torv på ein stad der det raskt gror til og steinmuring og nærområdet ved brua er revegetert.



**Det vart laga til ny og lenger mur i samband med oppattbygging av brua. Frå før revegetering.**



**Revegetering litt over to månader etter att arbeidet var utført**

### ***Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år***

Det er mange stiar og gamle ferdsleveggar i nasjonalparken som treng vedlikehald av ulike grunnar. I planen «Restaurering av fem gamle sti og ferdsleveggar i Jostedalsbreen nasjonalpark» er det berre stien opp til Steinmannen som ein ikkje har starta skikkeleg opp enno, i tillegg til det som står att for stiane opp Oldeskaret og Lundeskaret. Med erfaring frå tidlegare stutbetringar, der vedlikehaldsansvaret ikkje er på plass, så bør ein vente med arbeidet opp til Steinmannen til dette er klart. Vidare bør det utarbeidast konkrete eigarskaps- og vedlikehaldsmoellar slik at ein er sikra at dei investerte tiltaka blir tekne vare på.

Stiane inn mot Kjenndalsbreen, Bøyabreen og Supphellebreen er i all hovudsak tilgjengeleg for rullestolbrukarar og dette bør ein sikre også i framtida.



**Brenndalsbreen, Briksdalsbreen, Tuftebreen og Brenndalsbreen**

## Vedlegg: Skjema A - Innspill og forventinger fra FM/områdestyrer til SNO på SNO's kjerneoppgaver

**År:** 2014


**Bestiller:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/ Maria Knagenhjelm

Prioritet (kategori 1/2/3)	Tema	Oppgave/merknader
1	Oppsyn	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.
2	Oppsyn	Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.
1	Kontroll	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker og halde generell kontroll med motorferdsel i nasjonalparken.
2	Grensemerking	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.
1	Vegleing	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast.
2	Erfaring	Følgje opp det nye nasjonalparkstyret, vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte når det trengs.

## Vedlegg: Skjema B. Bestillinger fra forvatningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver

Prioritet (kategori 1/2/3)	Beskrivelse av oppdraget	Metodebeskrivelse ev henvisning	Rapportering - beskriv krav til rapportformat, lagringssted for rapporter, egenskapsdata etc	Rapporteringsfrist	Statusrapport SNO-lokalt
1	Registrering og bilete av faste installasjoner, t.d bruer, løveskilt, infotavler, etc.	Foto, gps	Verneområdeloggen	Fortløpande	Delvis gjennomført
1	Oppfølging og registrering av vegetasjon og slitasje, Skålastien.	Spesielt viktig før og etter Skåla Opp. Oppfølging av vilkåra i løyvet til arrangementet.	Rapport og bilete	Etter løpet og etter sesongen	Delvis gjennomført
1	Oppfølging av restaureringsprosjektet til Lundeskaret		Eigen delrapport til årsrapporten	Før jul	Gjennomført
2	Registrere ferdsle på Skåla, i Brenndalen, i Austerdalen, Oldeskaret og Lundeskaret.	Ferdsleteljar	Verneområdelogg eller årsrapport	Etter barmarksesongen	Ikkje gjennomført

2	Vurdere sikringstiltak framføre aktuelle brearmar.		Fortløpande dialog med forvaltar	Før turistsesongen	Gjennomført
2	Kartlegge førekomstar av mnemosynesommerfugl, rovfugl, andre raudlista artar, samt svartelisteartar.	Generelt ute på synfaring.	Verneområdeloggen, artsobs, forvaltar	Fortløpande	Delvis gjennomført
2	Bidra i prosessen med revideringa av forvaltningsplanen	Delta på bygdemøte og bidra med kunnskap			Gjennomført
2	Bidra til prosjekt med infoskilt rundt breen, samt utføre reparasjon og vedlikehald der det trengs	Oppsetting av tavle, utbytting av øydelagde skilt m.m.	Fortløpande dialog med forvaltar		Delvis gjennomført
3	Fjerne søppel frå gammal jordkjeller ved Bødalsseter		Fortløpande dialog med forvaltar	I løpet av barmarkssesongen	Gjennomført



### **Statens naturoppsyn (SNO)**

SNO er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som utøver mynde etter Lov om statlig naturoppsyn av 21. juni 1996. Lova gir SNO-personell tilsynsmynde og ansvar for oppsyn av følgjande miljølover: friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, laks- og innlandsfiskeløva, markaløva, småbåtlova og delar av ureiningslova i heile landet, både på offentleg og privat grunn. Oppgåva er todelt og rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden og tilsyn med menneske si åtfærd i naturen i høve gjeldane regelverk. Ei viktig utfordring for naturoppsynet er skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Den nasjonale leiinga i SNO ligg i Miljødirektoratet i Trondheim og det heiltidstilsette lokale naturoppsyn har arbeidsstad knytt til sitt geografiske oppsynsområde; totalt over 60 lokale kontor med til saman 296 fast tilsette mot utgangen av 2014, fordelt på 96 naturoppsyn/naturrettleiarar, 144 rovviltkontaktar fast tilsett på tilkalling, 28 fast tilsette sesongoppsyn i tillegg til 29 i den sentrale administrasjonen. Organisasjonen er delt i tre avdelingar med sju seksjonar; avdeling naturoppsyn arter, avdeling naturoppsyn areal og avdeling organisasjon og veiledning.

Hovudoppgåva er informasjon og rettleiing, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. Sentralt er tilsynet med dei 2750 verneområda i landet, og oppgåver innan rovviltforvaltning, m.a. bestandsregistrering og dokumentasjon av skader knytt til den lovfesta erstatningsordninga på bufe og tamrein. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. SNO har òg eit overordna ansvar for Skjærgårdstjenesten; ei interkommunal ordning med hovudansvar for skjærgårdsparkane mellom Bergen og Halden.

SNO samarbeider med andre aktørar innan naturoppsyn som til dømes fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særleg er samordninga med politiet viktig når det gjeld kontrolloppgåvene. Samarbeidet med ulike aktørar er formalisert gjennom avtalar, rolleavklaringar og tenestekjøpsavtaler. Der SNO er tilstades i dei store verneområda er samarbeidet med områdestyrer og nasjonalparkstyrer viktig. I andre verneområde er det eit samarbeid med fylkesmannen og lokal forvaltning. Vidare har SNO ei rekke samarbeidspartnarar som naturinformasjonssentra, friluftsråd, ideelle organisasjonar innafor friluftsliv og naturforvaltning, landbruksorganisasjonar, reiselivsselskap, samt kommunar og bygdelag. SNO er framleis i vekst og utviklar seg i tråd med dei rammene som finst i forarbeid til lovar og gjennom styringsdialogen med Klima- og miljøverndepartementet.